ALVER
KOMMUNE

Ard Arealplan As
c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30
5008 Bergen

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
| --- | --- | --- |
| Dykkar: | Lennart Falkenberg-Arell | 30.08.2022 |
| Vår: 22/6035 - 22/64975 | lennart.falkenberg-arell@alver.kommune.no | |

# Førebels vurdering - Planinitiativ Haukås/Fjellangersvingane, gbnr. 104/55

Viser til motteke planinitiativ datert 12.8.2022. Det er nokre endringar/suppleringar som må gjerast i planinitiativet før ein kan gjennomføre eit oppstartsmøte.

- B) Skriv om verksemda vil verta støyande for nærliggande busetnad. Kva type trafikk vil det vera i område og vil det ha ei negativ påverknad på nærliggande busetnad?
- D) Det må omtalast meir i detalj om kva utbyggingsvolum (utnytting) og byggjehøgder ein planlegg for. Vil utbygginga vera sjenerande for tilgrensande busetnad?
- F) Skriv meir om kva estetiske val ein ser for i område for utforming av næringsbygg. Skal det nyttast grøne tak og vegger for å dempa fjernverknad mot nærliggande busetnad? Er fasade av treverk eit alternativ for å få bygningane til å passe betre inn i landskapet?
- H) Korleis skal dykk sikra den Trondheimske postveg i reguleringsplanen? Omsynssone, arealformål? Kva type tiltak skal dykk gjera frå å dempa tiltaka sin fjernverknad på postvegen?
  Planområde må utvidast til å omfatte kryssområde ved fylkesvegen. Skal det nyttast tungtransport i område, må det vera tilstrekkeleg areal i planen for å sikra at samferdsleareala kan oppgraderast etter Statens vegvesen sine handbøker ved behov og at trafikktryggleika vert ivareteken for både harde og mjuke trafikantar.
- K) Dykk må ta tidleg kontakt med Vestland fylkeskommune for å få føringar for korleis den Trondheimske postveg skal sikrast i det vidare reguleringsarbeidet.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Lennart Falkenberg-Arell

Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Ard Arealplan As | c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30 | 5008 | Bergen |
| Ard Arealplan As | c/o Spaces Media City Lars Hilles gate 30 | 5008 | Bergen |